

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.05.2018

SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven

SAKA GJELD: **Orientering om høringsinnspel til utviklingsplan for Helse Førde**

ARKIVSAK: 2014/4251

STYRESAK: **046/2018**

STYREMØTE: **22.05.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tek innkomne høringsinnspel til utkast til Utviklingsplan for Helse Førde til vitande.
2. Høringsinnspela vil vere del av grunnlaget for eventuelle justeringar i samband med ferdigstilling av planen.

Oppsummering

Utkast til revidert utviklingsplan er utarbeidd av føretaksleiinga i samarbeid med fagpersonar og styret i Helse Førde. Det er gjort eit omfattande involveringsarbeid der over 20 fagpersonar i føretaket har vore delaktige i skrivninga.

Utkast til plan vart lagt fram for styret den 09. april 2018

Styret gjorde følgjande vedtak:

Styret i Helse Førde ber administrerande direktør om å sende rapporten på høyring før endeleg handsaming

Den 12. april vart utviklingsplanen sendt på høyring, med høyringsfrist 12. mai 2018. Det har vore høve til å komme med innspel frå eksterne og frå medarbeidarane i Helse Førde. Lista over adressatar er vedlagt.

Helse Førde har per 12. mai motteke innspel frå 10 instansar og etatar, mellom anna Brukarutvalet og KS. Nokre klinikkar har fått innvilga utsett frist til den 15. mai. I denne saka har vi trekt fram nokre viktige moment frå høyringsuttalane.

Høyringsinnspela vil vere del av grunnlaget for ferdigstilling av planen, som vert lagt fram for styret til godkjenning 22.juni 2018

Fakta

Arbeidet med å revidere utviklingsplanen frå 2015 for Helse Førde har pågått sidan januar 2018. I prosessen har Helse Førde hatt dialog med interne interessentar og eksterne samarbeidspartar. Styret har vore involvert undervegs i prosessen.

Utviklingsplanen har vore på høyring både eksternt og internt. Internt er det oppmoda om å sende høyringssvar samla som klinikk eller avdeling, men alle kan sende inn innspel.

Følgjande innspel ønskjer administrerande direktør å trekke fram for styret:

1. Det er ei uro for om Helse Førde vil bygge ned sengetalet samstundes som det vil bli fleire pasientar med samansette og komplekse helsetilstander. Dette gjeld både somatikk og psykisk helsevern
2. Det må komme tydelegare fram korleis helseføretaket har planlagt å levere meir helsetenester for mindre ressursar
3. Psykisk sjuke må få gode og lett tilgjengelege akutttenester
4. Det bør etablerast brukarråd innan psykisk helsevern og rus
5. Den nasjonale satsinga på rehabilitering og habilitering er ikkje godt nok reflektert i utviklingsplanen
6. Helse Førde må ha auka fokus på involvering av pårørande
7. Helse Førde må ha auka fokus på utdanning og stabilisering av kompetanse innan alle yrkesgrupper

8. Det må avklarast korleis brukarmedverknad skal nyttast i gjennomføring og evaluering av utviklingsarbeid
9. Det må leggest meir vekt på at arbeidet skal vere kunnskapsbasert på alle nivå

Lista over dei som har sendt høyringssvar, og høyringssvara er lagt ved.
Nokre har fått utsett frist til 15. mai 2018.

Kommentarar

Høyringsprosessen er verdifull av di vi får andre perspektiv og nye moment til utviklingsplanen. Høyringsinnspela er gode og konstruktive. Innspela varierer frå å vere opptekne av einskildsaker til overordna innspel på retning for utviklinga.

Vi har fått tilbakemelding om god prosess, og godt og dekkjande innhald. Nokre syns det er eit omfattande dokument og at tiltaka ikkje er konkrete nok. Vi har fått innspel om å utarbeide ein kortversjon, og dette er allereie planlagt.

Administrerande direktør vil nytte tida fram til styrebehandling i juni for å vurdere og innarbeide innspela.

Konklusjon

Administrerande direktør tek innspela til vitande, og desse vil vere del av grunnlaget for ferdigstilling av planen.

VEDLEGG:

1. Liste over motteke høyringsinnspel per 11. mai 2018

